

## **Høyringsfråsegn frå Landssamanslutninga av nynorskkommunar**

### **NOU 2017:7 – Det norske mediemangfoldet**

#### **LNK og medietilbod for unge på nynorsk**

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er eigd av norske kommunar og fylkeskommunar og skal leggja til rette for at medlemene kan vera aktive og stolte nynorskbrukarar og medvetne i språkspørsmål.

LNK arbeider for å sikra nynorsk som eit jamstilt og fullgodt bruksspråk innanfor alle delar av det offentlege. LNK skal ta eit ansvar for språkutviklinga i medlemskommunane, og ta på seg informasjons- og kulturfaglege oppgåver som set nynorsk inn i nye samanhengar.

LNK skal vera ein pådrivar i høve til sentrale styresmakter og andre samarbeidspartar kommunane har, for å få dei til å ta språkjamstillinga på alvor. LNK skal vera ein konstruktiv, positiv og framoverretta samarbeidspart.

I tråd med dei prioriteringane eigarane våre har gjort, har LNK i over 20 år jobba med digitale nyhendetenester for barn og unge. Tilboda Magasinett, Pirion og Framtida.no hadde i 2016 over ein halv million brukarar. Framtida.no er skildra i Språkfakta som det viktigaste tilskotet til nynorsk journalistikk på nett sidan 2000, og har opplevd ein samanhengande auke i talet på brukarar sidan starten i 2010. Denne hausten startar Framtida.no Junior, eit digitalt nynorskløft for barn mellom 7 og 13 år, som me har store forventningar til.

LNK er dessutan medstiftar i Nynorsk avissenter i Førde som kvart år utdannar 10 nynorskjournalistar.

#### **Viktige nynorske aviser**

Mediemangfaldsutvalet har hatt ei viktig oppgåve. Aviser og andre medium er i ei brytingstid. Det digitale gjennombrøtet har kome for fullt, og sidan mange aktørar enno ikkje har funne fram til forretningsmodellar vidarefører inntektsgrunnlaget fullt ut, har dette endra både vilkåra for tradisjonelle medium og såleis også sjølve journalistikken. Nye aktørar har kome på banen, mange av desse driv ikkje med journalistikk, men skummar likevel fløyten av det journalistiske arbeidet som blir utført i ulike medium – både tradisjonelle og digitale. Rapporten får klart fram at dette føreset at staten tek på seg eit større ansvar for utviklinga.

Utviklinga har ført til at mange lokalaviser slit tungt. Om lag 50 lokalaviser er redigerte på nynorsk, og i tillegg kjem alle dei avisene som har opna for nynorsk og bokmål side om side i spaltene sine. Dette er viktige samfunnspilarar, og svært mange av dei ligg i nynorskkommunar. Dersom desse avisene ikkje klarar overgangen kan store lokaldemokratiske verdiar bli sett i spel.

## **Språkpolitiske konsekvensar**

Rapporten får *ikkje* klart fram kva språkpolitiske konsekvensar denne utviklinga kan få. Norske kommunar og norske massemedium er dei klart største språkprodusentane i landet, og ei eventuell svekking av denne produksjonen kan lett få fatale følgjer for norsk språk og kultur – i ei tid der mange ser ut til å meina at språk berre handlar om å forstå kvarandre semantisk.

Stoda for nynorsk som mediespråk ser ikkje ut til å ha blitt drøfta av utvalet i det heile. Nynorsk kultursentrum har tidlegare dokumentert at slik har det vore i alle dei sju mediemeldingane som har kome dei siste femti åra, og slik sett er det kanskje ikkje overraskande. Kanskje dette vitnar om at for nokre mediehus er framleis den norske språksituasjonen vanskeleg og kontroversiell.

## **Pressestøtta må leggjast om**

LNK meiner at pressestøtta må leggjast om slik at medium som sikrar språkleg mangfald, t.d. lokalavisene, dei meiningsberande riksavisene og NRK får betre rammevilkår.

LNK ser positivt på framlegget om ein minstesats i produksjonstilskotet på 750.000 kroner for lokalaviser med mellom 1000 og 6000 i opplag, men meiner at denne satsen bør doblast. Me meiner òg at aviser til og med 10.000 i opplag bør koma med i denne ordninga. I ein slik samanheng er det viktig å ha med seg at me her snakkar om langt mindre summar enn den indirekte støtta momsfrirket fører med seg, og som først og fremst kjem dei store mediehusa til gode.

Mediemangfaldsutvalet føreslår å laga ei støtteordning for gratis nyhende- og aktualitetsmedia. Som utvalet peikar på, er det ein liten, men aukande del av folkesetnaden som sjeldan eller aldri oppsøker nyhende. Unge menneske, spesielt unge kvinner, er mellom desse. LNK støttar målet til utvalet om å leggja til rette for at heile folkesetnaden, utan unnatak, har tilgjenge til eit minimum av nyhendeinnhald.

LNK meiner at ei slik støtte må ha som vilkår at ein opnar for bruk av nynorsk på redaksjonell plass for å vera kvalifisert til slik støtte. Det må òg vera klare retningslinjer for tildelinga av denne støtta, som sikrar at ein del av desse midlane, til dømes 25 prosent, går til produksjon av nynorsk journalistikk. LNK meiner òg at det bør takast språkpolitiske omsyn i dei andre nye støtteordningane som er føreslått.

Oslo 23. juni 2017

Solfrid Borge

styreleiar i LNK

Vidar Høviskeland

dagleg leiar i LNK